## Melde ikkje frå om hjortepåkøyrsle ved Rød

20.09.2007

**Onsdag kveld var det ei ny hjortepåkøyrsle i Uskedalen , denne gongen ved Rød. Politiet rykka ut til noko dei trudde var tjuvjakt.**

100 meter nedanfor riksvegen fann dei ein hjort som dei først trudde var skotskada, men saman med viltnemnda kom dei fram til at han var påkøyrt.
Dei fann noko knust lykteglas i vegen og skadane på hjorten viste at den var påkøyrt. Det er heilt klart at nokon har køyrt på den utan å melde frå, noko ein pliktar å gjera.

Hjorten var truleg påkøyrt på morgonkvisten onsdag og har lidd lenge, seier politioverbetjent Sigurd børge til innsida.no. Folk flest er flinke til å melda frå, men i nokre tilfelle har dei ikkje gjort det. Etter ein slik påkøyrsel skal ein melda frå til grunneigar, viltnemnda eller politiet.